

Gleda ved å gje er like stor som gleda ved å få



Det nærmar seg påske og dei fleste av oss har det dei treng og enda litt til. Likevel trur vi at det her i kommunen, som alle andre plassar, kan vere nokon som ikkje har det like bra. Vi ønsker å nå desse for å kunne bidra - kanskje ei matkasse til påske kan vere til litt hjelp?

Vi hjelper alle - gammal som ung - ingen ønsker er for små eller for store <3

Vi veit det kan vere vanskeleg å ta kontakt sjølve, ta gjerne kontakt gjennom nokon andre du føler deg trygg på. Eller kanskje du kjenner nokon som har ekstra utfordringar? Det er kjekt å kunne hjelpe akkurat deg litt ekstra i år.

Ein anna gong kan det vere du som hjelper nokon andre <3

Kom gjerne med nokre stikkord på kva du treng, eventuelle allergiar og antal i husstanden.

Om det er barn i husstanden er det fint om vi kan få antal og alder på barna.

Ta kontakt på e-post snarast og innan 18. mars: frivillig@fjord.kommune.no

Vil du bidra?

Vipps #741324 eller kontonummer 3905.15.69184

Om privatpersonar, lag og organisasjonar eller bedrifter ønsker å bidra på andre måtar - ta gjerne kontakt på e-post.

Midlar som blir til overs, vil bli nytta til jul og i beredskap til innbyggjarar ved spesielle hendingar. «Givarglede» består av representantar for Eidsdal-Norddal Røde Kors, Fjord frivilligsentralar og frivillige. Vi har samarbeid med helse, omsorg og velferd i Fjord kommune og næringslivet. Vi er opptatt av personvern, og dette blir tatt i vare.

Påskehelsing frå sambygdingar som ønsker å gjere ein forskjell <3

